

Meland kommune  
Kommunalavdeling for natur, næring  
og tekniske tenester  
v/Marius Flemmen Knudsen

[marius.knudsen@meland.kommune.no](mailto:marius.knudsen@meland.kommune.no)  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)



**Alsaker Fjordbruk AS**  
5694 ONARHEIM  
Telefon : 53 43 01 00  
Telefax : 53 43 01 01  
Dir. tlf. : 53 43 01 09  
Mobil : 99 210109  
Org. nr. : 979 494 009  
[www.alsaker.no](http://www.alsaker.no)

Dykkar ref. : Marius Flemmen Knudsen

Vår ref. : Ove Gjerde

Dato : 16.01.2015

## Salar Bruk AS

### Søknad om ny generell dispensasjon til bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget i Meland kommune for året 2015. Logg motorferdsle 2014

#### Dokument (vedlagt)

1. Loggskjema 2014 Bruk av motorbåt i Rylandsvassdraget

#### Bakgrunn

##### Oversyn av bruk 2014

Salar Bruk fekk i delegasjonssak 206/2014 løyve til motorferdsle i Rylandsvassdraget for året 2014.

Løyvet vart m.a. gjeve på vilkår av at det skulle førast logg over tal turar og timar som motorfartøy vart brukt, samt at dette skulle rapporterast til kommunen.

#### Frå loggboka finn ein;

I den aktuelle tida har verksemda nytta open båt med motor totalt 5 gonger på Rylandsvatnet.

Varigheita på tiltaka har vore mellom ein ½ til 1 time per tur og er utført i samband med kontroll/justering av m.a. inntaksleidningsarrangementet.

#### Søknad om generell dispensasjon frå lokal forskrift

Kommunestyret har i møte 25.03.2009, sak 38/09 vedteke *Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget*.

Den lokale forskrifta byggjer på §§§ 4, 5 og 6 i *Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag av 10. juli 1977, nr.82*.

Forskrifta set strenge føringar til bruk av motorferdsle i Storavatnet, Bjørndalsvatnet og Rylandsvatnet, når den aktuelle aktiviteten ikkje er heimla i *Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag*.

I § 5 i den lokale forskrifta finn ein m.a.;

*I medhald av § 6 i Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag kan kommunen gjeva løyve til bruk av motorfartøy etter søknad. Løyvet kan gjevast for eit bestemt høve eller tidsrom. Meland kommune kan setje vilkår for løyvet.*

Settefiskanlegget Salar Bruk er ein viktig aktør i Rylandsvassdraget og me ser positivt på at det vert sett i verk tiltak som er skisserte i Forvaltningsplanen, der vassdraget m.a. skal sjåast på som "fredfullt".

Salar Bruk har installasjonar (leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m.) i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid er operative, er ein heilt avhengig av m.a. ulike kontrollfunksjonar.

For å utføra denne delen av drifta, er det viktig å kunna nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunna utføra turvande gjeremål/service m.m.

Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget, som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trong for raske aksjonar for å nå fram til aktuell stad/tiltak.

Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa moglege skader eller utføra planlegde tiltak, vil vera heilt avgjerande.

Alsaker AS

Alsaker  
Fjordbruk AS

Bjøive  
Bruk AS

Bolstad  
Bruk AS

Fjelberg  
Fjordbruk AS

Fjon  
Bruk AS

Igland  
Bruk AS

Nordsjø  
Fjordbruk AS

Onarheim  
Bruk AS

Rogaland  
Fjordbruk AS

Røvær  
Fjordbruk AS

Salar  
Bruk AS

Sunnhordland  
Fjordbruk AS

Toftøy  
Fjordbruk AS

Tveit  
Brygge AS

Tysnes  
Brygge AS

Tysnes  
Fjordbruk AS

Viking  
Fjord AS

Ølve  
Bruk AS

Amøy  
Fjordbruk AS

Me vel å tru at ovannemnde tiltak i ei eller anna form, vil vera så pass avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen, at det kan gjevast turvande dispensasjon frå forskrifta, slik det m.a. vert skissert i § 5 (jamfør *særlege grunnar* i § 6 i den sentrale lova).

I samarbeid med kommunen vil det vera mest praktisk at eit eventuelt løyve til bruk av motorfartøy kan gjelda for eit lengre tidsrom.

**For inneverande år søker me med dette om løyve til bruk av motorfartøy frå dd og fram til 31.12.15.**

Me vonar på ei rask og positiv attendemelding!

Skulle det vera trong for ytterlegare opplysningar, kan De ta kontakt med underteikna.

Vensam helsing  
**Alsaker Fjordbruk AS/Salar Bruk AS**



Ove Gjerde  
Samfunnskontakt  
[ove.gjerde@fjordbruk.no](mailto:ove.gjerde@fjordbruk.no)

Kopi: Salar Bruk v/Jørn Fanavoll [Jorn.Fanavoll@fjordbruk.no](mailto:Jorn.Fanavoll@fjordbruk.no)  
og Knut Ådlandsvik [Knut.Adlandsvik@fjordbruk.no](mailto:Knut.Adlandsvik@fjordbruk.no)

